

# SYNG

(UT) 

NR 8

LØRDAG 18.11.1978

1. ÅRG.

## DEN MUSIKALSKE LEIINGA

Styret har drøfta den oppsummeringa koret hadde på siste øvinga omkring diskusjonen av den musikalske leiinga. Vi kom fram til at oppsummeringa frå tenorane (HEIA TENORAR!) var representativ for det vi kan trekke ut av diskusjonen. Difor prentar vi tenorane si oppsummering:

1. Den musikalske ledelsen gjør lite av seg på øvelsene. Hva er musikalsk ledelse, og hvem sitter der?
2. Musikalsk ledelse stiller for store krav og ser ikke de framgangene koret gjør, kfr. notekurset.
3. Folk fra koret bør/kan trekkes inn ved arrangement av sanger.
4. Oppvarmingen på øvelsene er bra.
5. Positivt at stemmelederne kan de sangene som skal innøves skikkelig.
6. Mer synging på notekurset, ikke bare teori, men praktisk øvelse.
7. Vi må bruke mer tid på å lære oss sangene skikkelig.
8. Retningslinjer for innøving av sanger bør trekkes opp.
9. Det må arbeides for musikalsk enhet (alle kan sangene).

(sitat slutt).

Det er kan hende usemje om punkt 4, men her meiner styret at tenorane har rett. Oppvarming må til, jamvel om nokre tykkjer det ikkje er naudsynt. Når det gjeld punkt 1 viser vi til SYNG UT nr. 1 når det gjeld kven som sit i den musikalske leiinga.

styret/ IGL

## ER SYNG UT ET KLOAKKORGAN ?

Ja, du las rett! Då avisa starta hadde styret som målsetting at ho skulle skape rom for å prioritere musikalsk/kulturell aktivitet på øvingane, slik at formelle og reint politiske diskusjonar ikkje tok overhand på øvingane.

Vi var samstundes merksame på at

nettopp skriftteleg kommunikasjon i seg sjølv kan verke byråkratiserande, og vi såg fåren i at avisa berre skulle gi informasjon frå styret til koret, og at misnøgde kormedlemmer sine innlegg skulle bli ståande utan å få svar, det vil seie at all kritikk på denne måten skulle bli avspist. At sure oppstøytar med andre ord gjekk i "kloakken".

Og slik er det i ferd med å bli.

Men no har styret - for seint, men godt - teke seg saman og gått igjennom dei innlegga som har stått i dei sju første nummera. I nummer 2 hadde Connie eit innlegg mot synging av "Pål sine høner", og i nummer 3 hadde Ole og Eirik eit innlegg mot "Bli kvitt dem". Dei andre innlegga frå kormedlemmene har styret svara på, eller vedteke ikkje å svare på. Connie og Ole og Eirik skal ha svar. Og det får dei i dette nummeret.

Men det er ikkje berre styret i skuld at stoda er så ille. Vi hadde meint at når det kom innlegg av den typen som har stått til no om songar, om alkohol, om utesynging, om marsjering osv., så skulle avisa vere eit levande diskusjonsforum, der ulike oppfattingar vart brotne mot kvarandre. Og så skulle styret evt. oppsummere diskusjonen, og kome med ei innstilling om saka. Slik har det ikkje vore. Dei fleste innlegga har stått utan motmøle frå andre kormedlemmer, og det vil vi kritisere dykk for. Samstundes vil vi kritisere oss sjølve fordi dei to innlegga ~~er~~ som er nemnde ikkje har fått svar.

Kom igjen, folkens! Ta pennen fatt! Kva med t.d. dei som går inn for ein meir liberal alkoholpolitikk i koret? De må da ha eit argument å fare med? Spaltene står opne.

styret/ IGL

## SVAR TIL CONNIE (JFR. NR.2/1978)

Vi tykkjer du har mange gode poeng i innlegget ditt, når det gjeld korleis avgjerda om songar skal treffast og kva for kriterier vi skal legge til grunn for slike avgjerdsler. Dei tykkjer vi at særleg den musikalske leiinga skal leggje seg på hjarta. Men vi er usamde på eitt punkt, og det er konklusjonen din at vi ikkje bør syngje "Pål sine høner".

Vi meiner at "Pål sine høner" er ein god song å syngje, fordi han er ein god representant for den norske folkesong-tradisjonen. Den er musikalsk utfordrande, og vi meiner at koret gjer store framsteg i innøvinga av denne songen. At teksta er upolitisk eller kan hende litt eskapistisk (Pål får problem når han mister hønene og finn på noko anna, nemleg å male korn, før han "tør koma heim åt ho mor" - altså flykter han frå problemet - vi bør vel kanskje syngje andre verset og =), kan vere rett nok. På den andre sida er ikkje Pål ein som gjev opp andsynes ein håplaus situasjon ("ikkje kan ho gala, ikkje kan ho verpa, ikkje kan ho krypa og ikkje kan ho gå"). Han finn handlingsalternativ. Han vert ikkje handlingslama. Songen har slik sett(- analysen hamnar vel i Dusteforbundet dersom nokon er jævlige -) to sider. Og vi er komne til at den positive sida og songen si musikalske gode sider veg tyngst, og at vi difor skal syngje han.

LGL (etter diskusjon i styret).

#### SVAR TIL EIRIK OG OLE (JFR.NR.3/78)

Etter diskusjon i styret er vi komne til at kritikken mot "Bli kvitt dem" for å vere ein sekterisk song er rett. Vi er med andre ord heilt ut samde med dykk i at vi bør bli kvitt "Bli kvitt dem".

LGL (etter diskusjon i styret).

#### TIL APPELLANTENE

Appellantene må ta seg sammen og møte fram til de møtene de blir innkalt til. Mandag 27. nov kl. 1800 gjer vi et nytt forsøk. På dagsorden står presentasjon av sangene, form og innhold, samt utveksling av erfaringer og oppsummering av høstens innsats.

SH - styret

#### KVEN BESTEMMER KVA FOR SONGAR VI SKAL SYNGE - OG KORLEIS ?

Dette spørsmålet har vore reist av fleire.

I samband med reportarkampanja kom vi fram til følgjande saksgang:

ALLE (også DU) kan kome med framlegg til songar.

DEN MUSIKALSKE LEIINGA lagar ei musikalsk og politisk vurdering av songen, og melder frå til styret kva dei meiner.

STYRET innstiller overfor koret, og KORET I PLENUM treff den endelege avgjerda.

I praksis har dette skjedd slik at oppsummeringane frå gruppene under reportarkampanja vart samla i eit forslag til program for hausten som vart trykt i avisa og handsama på plenumsmøte i koret og godkjent. Dersom nokon har kritikk til denne framgangsmåten er spaltene opne.

Styret/LGL



PROGRAM FOR  
HELGESEMINARET

Lørdag den 18.11.


<p><u>Gr. I</u> <u>S/H</u> Roy B Hahn Hindis Vigdiss Anne H Vabjorg.</p>	<p><u>II</u> <u>Astri</u> Eirid Egde Vigdis Telle Berg</p>	<p>1100-1115 : Åpning 1115-1145 : Innledning om korets virksomhet og organisering. 1145-1300 : Gruppediskusjon 1300-1400 : Lunsj 1400-1500 : Gruppediskusjon fortst. 1500-1530 : Pause med trim 1530-1630 : Plenumsoppsummering 1630-1800 : Skolering. Praktiske øvelser ca.1800 : Middag ca.2000 : Fest</p>
--	--	--

Søndag den 19.11

<p><u>III</u> <u>Tom</u> Vigdiss Roy N Ikeg Tone Egnes H.V.S.</p>	<p><u>IV</u> <u>Bodil</u> <u>Elle</u> Anders Eirik Bikke Muri</p>	<p>0945-1000 : "Morgen"-trim 1000-1030 : Innledning om skoleringskampanja 1030-1200 : Gruppediskusjon 1200-1500 : Skolering. Praktiske øvelser Innlagt lunsjpause, tilpassa programmet 1500-1600 : Plenumsoppsummering Kritikk av helgeseminarer 1600 : Opprydning. Avreise.</p>
---	---	--

\*\*\*\*\*

KORETS OPPBYGNING IDAG  
(til innledningen lørdag 11.15)



## Styret

består av:

- leder
- nestleder
- sekretær
- informasjonsansvarlig
- kasserer
- 2styremedlemmer

Arbeidsutvalget møter hver uke for å forberede møtene på øvingene. Styret møter hver 14. dag, og har treffetid hver mandag fra 18-18.30. Lederen er også medlem av den musikalske ledelsen. Informasjonsansvarlig redigerer avisa hver uke.

## Musikalsk ledelse

består av 9 medlemmer, herav alle dirigentene, og møter hver uke til forberedelse av øvingene.

Når det gjelder personsammensetningen viser vi til SYNG UT nr. 1/1978.

## Øvingene

har følgende faste program:

- 1830-1900: Notekurs, ledes av musikalsk ledelse, delt i 3:
  - nybegynnergruppe
  - "kan litt"-gruppe
  - viderekomne
- 1900-1930: Møte, ledes av styret, inneholder:
  - orientering/informasjon
  - beslutninger
  - nødv. diskusjoner
- 1930-2030: Øving i stemmegruppene. Diskusjon av dagens emne i stemmegruppene.
- 2030-2045: Pause (sosialt, politisk samvær, skag (Mai, Okt. mv.), innsamlinger o.l.
- 2045-2130: Felleseving
- 2130-2200: Eventuelt, Kritikkt.

## Utesynging/skolering

SPØRSMÅL TIL GRUPPENE I SAMBAND MED INNLEDNINGEN LØRDAG:

1. Skolering, kontinuitet i innlæringa, utviklinga av et rimelig reportoar og bedring av korets kvalitet står i motsetning til for mye utadvendt aktivitet (utesynging osv.), at vi går for fort fram og stresser og at ledelsen ikke er god nok. Dette er delmotsetninger av hovedmotsigelsen på innholdet. Hvordan kan vi ut fra korets oppbygning og organisering løse disse motsetningene? Vær framtidsretta og konkret!

*2. God styring, samordning, entusiasme, et rimelig aktivitetsnivå og god rekruttering står i motsetning til rutine, stress, enveis kommunikasjon, kveling av initiativ, klikkvesen, vantrivsel, folk slutter, folk har familieliv og andre aktiviteter. Kan vi dempe eller løse noen av disse delmotsetningene? (som går på formen).*

## "Syng ut"

utkommer hver uke med 2-4 sider, og redigeres etter følgende standard:

- lederartikkel (om stoda i koret, viktige saker, om bladet)
- informasjon (fra styret, musikalsk ledelse og andre)
- diskusjonsinnlegg
- innlegg, innstillinger fra styret
- sangtekster
- diskusjon av sanger
- diverse (vitser, appeller, kryssord o.l.)

## Noter

trykkes og distribueres løpende av noteansvarlig. 1 eksemplar av noter er gratis.

## "Trykker"

trykker "Syng ut" og noter.

\*\*\*\*\*

## MOTSIGELSER I KORET I DAG

(Punkter til innledningen lørdag, samt til gruppearbeidet lørdag)

### Innhold

Hovedmotsigelsen:

KULTUR,  
MUSIKALSK  
SKOLERING

POLITISKE DISKUSJONER OG IKKE-KULTURELL POLITISK AKTIVITET

### Form

Hovedmotsigelsen:

DEMOKRATI

BYRÅKRATI

SE MED  
OGSÅ

VIKTIGE  
SAKER

DIA-  
LETTISKE

*3 Rekruttering, gjennomtrekken*